

Innspel til budsjettforslaget i Fitjar kommune

Elevane på Selevik skule meiner at 7.klasse skal vera på Selevik skule, og ikkje bli flytta til Rimbareid.

- Dersom 7.klasse blir flytta blir me færre på skulen.
- Me vil heller ikkje gå på todelt skule. Me meiner det blir stor aldersforskjell i klassane, og det blir kjedeleg. Det blir vanskeleg å følgja med i faga når me skal læra veldig forskjellige ting. For eksempel har me ikkje lyst til at 3. klasse skal læra bokstavane tre gongar, fordi det blir veldig kjedeleg. Det er ikkje spennande og motiverande å læra ting fleire gongar.
- Dersom me mister 7.klasse blir me færre elevar, og me har færre venner å leika med i friminutta.
- Det blir tøft for 7.klasse å måtta bytta klasse to gongar på rad. Først skal ein komma inn i ein ny 7.klasse, før ein skal plutseleg vidare på ungdomsskulen. Det kan følast utrygt.
- Me føler litt at me blir lurt dersom skulen blir mindre, fordi då er me så få elevar og det er lettare for kommunen å leggja ned skulen vår.
- Det er ikkje kjekt at dei bytter rundt på klassar og lærarar for å spara pengar.

Me er glad i skulen vår fordi:

- Me har fiskedag, bamsesjukehus, fotballbane, uteskule, felles tur dagar, trafikkdag, sosial samling og Selevik prix.
- Me har felleslunsj kvar fredag heile skulen i lag.
- Me kjenner alle på skulen.
- Det er godt å ha ein skule der me bur.
- Me føler oss trygge her.
- Me kjenner alle lærarane godt.
- Det er langt å kjøra buss til Rimbareid. Det veit me fordi me går på bading der.
- Dersom me fekk valet ville me gått ungdomsskulen på Selevik skule.

Helsing elevrådet på Selevik skule